



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato
28.09.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/10686 522.1
Dykkar referanse
«REF»

Til kommunane i Hordaland

Tilskot til drenering – Auka ramme for 2017

I jordbruksoppgjæret 2017 blei det som kjend bestemt å doble satsane for tilskot til drenering, slik at det frå og med 1. juli 2017 kan bli innvilga høvesvis 2.000 kr/daa og 30 kr/meter i tilskot til drenering. Dei auka satsane ser ut til å ha resultert i større interesse for drenering, og det er fleire som søker om tilskot. Etter vår rapportering til landbruksdirektoratet om behov, har Hordaland fått tildelt 1 mill. kr i ekstra ramme for 2017.

I brev 11. august og e-post 12. september bad vi kommunane om tilbakemelding innan 10. september på behov for auka ramme for resten av året. Rapporteringa viser at fleire kommunar har behov for høgare ramme i år. På bakgrunn av denne rapporteringa tildeler vi kr 650.000 i ekstra ramme for 2017, med fordeling slik tabellen under viser.

Kommune	Ekstra tildeling sept. 2017		
Askøy	kr 10 000	Meland	kr 55 000
Austevoll	kr -	Modalen	kr -
Austrheim	kr -	Odda	kr 20 000
Bergen	kr -	Os	kr 20 000
Bømlo	kr 35 000	Osterøy	kr -
Eidfjord	kr -	Radøy	kr 50 000
Etne	kr -	Samnanger	kr 60 000
Fedje	kr -	Stord	kr 55 000
Fitjar	kr -	Sund	kr 32 000
Fjell	kr -	Sveio	kr 80 000
Fusa	kr 45 000	Tysnes	kr 6 000
Granvin	kr -	Ullensvang	kr -
Jondal	kr 10 000	Ulvik	kr -
Kvam	kr -	Vaksdal	kr 14 000
Kvinnherad	kr 35 000	Voss	kr 35 000
Lindås	kr 75 000	Øygarden	kr -
Masfjorden	kr 13 000	SUM	kr 650 000

For 2017 står det nå igjen 350.000 kr å fordele i Hordaland. I tillegg kjem ny ramme for 2018. Dersom nokre kommunar kjem i mangel på tilskotsmidlar før årsskiftet, kan de ta kontakt for å få auka ramme.

Med helsing

Åse Vaag
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.